



## Retningslinjer for tiltak i beiteområder Ørsta og Volda kommunar 2024-2028



Storfe på beite, Viddal. Foto: Jørn Ole Viddal



Kyr på Austadsetra,  
Foto: Storneset gard, Austefjorden



Kyr, Knutsdalen Foto: Guro Sterud Stutlien



Sauesanking, Bondalen. Foto: Oddhild Kalvatn

|                       |                                                                 |
|-----------------------|-----------------------------------------------------------------|
| Saksnr i Acos Websak+ | 23/6766                                                         |
| Famlegg til sak       | Vedteke i møte i tenesteutval for utvikling, Volda 29.jan. 2024 |
| Framlegg til sak      | Vedteke i møte i landbruksutvalet, Ørsta 5.februar 2024         |

## Innhold

|                                        |   |
|----------------------------------------|---|
| 1. Heimel .....                        | 2 |
| 2. Føremål og målsetting.....          | 2 |
| 3. Utfordringar med beitebruken.....   | 2 |
| 4. Prioriterte tiltak i perioden ..... | 3 |
| 5. Tilskotssatsar .....                | 4 |
| 6. Søknadsfrist og korleis søke .....  | 4 |
| 7. Vilkår.....                         | 4 |

## 1. Heimel

Retningslinjene er heimla i Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder og i Rundskriv 2019-45 «Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder» frå Landbruksdirektoratet. Ein kan yte tilskot til beitelag og andre formar for organisert samarbeid der ein driv beiting i utmark som ein del av næring.

## 2. Føremål og målsetting

*Føremål §1: Føremålet med tilskotet er å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.*

## 3. Utfordringar med beitebruken

I Ørsta og Volda ligg det store fôrressursar for husdyra i utmarka. Spesielt sauehaldet har vore basert på nytting av utmarksbeite i alle tider. Utnytting av desse beiteressursane har danna mykje av grunnlaget for busetting i kommunane, og det har prega det viktige kulturlandskapet. Ørsta og Volda er eit populært turistmål, spesielt for fjellturistar. Kulturlandskapet er ein viktig del av naturopplevinga, og er eit produkt av husdyrbeiting. Det er berre ei aktiv beitenæring som kan nytte areal der maskinar ikkje kjem til. Beiting vil også fremje det biologiske mangfaldet, i tillegg til at det er ein berekraftig og rimeleg driftsform med god dyrevelferd. Dette er viktig for framtidas matproduksjon.

Landbruket i Ørsta og Volda pregast av at det vert stadig større og færre driftseiningar. Dette medføra færre beitedyr i utmarka enn før, som igjen førar til attgroing fleire plassar. I tillegg vert det utfordringar med vedlikehald av utmarksgard som kan føre til konflikhtar ved at beitedyr kjem inn på innmark og dyrka mark. Gode sperregjerde kan bidrege til å hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet. Ei anna utfordring med beitebruken er rovdyrproblematikk som ørn og rev. Det er difor viktig å leggje til rette for tilstrekkeleg beitetilsyn med m.a. gjetarhyttar, elektronisk overvakingsutstyr og gode driftevegar. Den aukande fjellturismen kan føre til lause hundar som kan skade beitedyr, noko som gjer at det vert behov for tydelege informasjonsskilt om blant anna bandtvang.

## 4. Prioriterte tiltak i perioden

| Prioritet | Tiltak                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | Tilskotssats inntil * |
|-----------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------|
| Høg       | <b>Elektronisk overvakingsutstyr</b><br>Døme: radiobjøller, drone, merkeavlesar. Årsabonnoment er ikkje med i kostnadsoverslaget. Legg ved eventuelle tilbod/prisoverslag i søknaden.                                                                                                                                                                                                                                                                         | 70%                   |
| Høg       | <b>Planleggings – og tilrettelegging</b><br>Organisering av nye/endra beitelag og beiteområder, prosjekt og planar knytt til utmarksbeiting. Dekning av kostnader inntil kr 10 000.                                                                                                                                                                                                                                                                           | Kr 10 000             |
| Middels   | <b>Sperregjerde</b><br>Eit sperregjerde skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet. Sperregjerder kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, tettbebygging og samanhengande jordbruksområde. Reine inngjerdingar av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde, og tilskot gis normalt ikkje til dette. Heller ikkje skal det gis tilskot til gjerder mellom innmark og utmark som fell inn under Lov om grannegjerde. | 50%                   |
| Middels   | <b>Ferist</b><br>Ferister bør vere av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | 50%                   |
| Middels   | <b>Bruer</b><br>Det kan gis tilskot til bruer som er dimensjonert for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller tilskotssandel reduserast tilsvarande.                                                                                                                                                                                                                                                          | 50%                   |
| Middels   | <b>Gjetarhytter</b><br>Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m² med kvadratmeterpris tilsvarande gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området.                                                                                                                                                                                                                                                     | 50%                   |
| Middels   | <b>Sanke – og skiljeanlegg</b><br>Det kan gis tilskot til faste eller mobile sanke- og skiljeanlegg.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | 50%                   |
| Låg       | <b>Saltsteinautomatar</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | 50%                   |
| Låg       | <b>Driftevegar</b><br>Rydding av råser/driftevegar i beiteområde.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | 50%                   |
| Låg       | <b>Informasjonsmateriell/skilting</b><br>Døme: skilt med info om bandtvang, alle grindar skal lukkast og vise omsyn til dyr på beite.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | 50%                   |

\*Tilskotssatsen kan justerast etter kor mange søknader som kjem inn.

## 5. Tilskotssatsar

|                                                                                                                                                                                                                                       |            |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| <b>Satsar for eigen innsats:</b>                                                                                                                                                                                                      |            |
| Verdi per time eigeninnsats                                                                                                                                                                                                           | Kr 350     |
| Verdi per time m/motorsag                                                                                                                                                                                                             | Kr 400     |
| Verdi per time m/traktor og ATV                                                                                                                                                                                                       | Kr 550     |
| <i>Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarande. Timesats for arbeid med maskinar er inkludert drivstoff og olje.</i> |            |
| <b>Tilskotsgrunnlag – kostnadstak:</b>                                                                                                                                                                                                |            |
| Dersom det eit år kjem inn mange søknadar i høve til midlar, vert det set eit øvretak for å fordele tilskot til flest mogleg gode prosjekt.                                                                                           |            |
| <b>Tilskotssats:</b>                                                                                                                                                                                                                  |            |
| Tilskotssats for investeringar i beiteområder                                                                                                                                                                                         | Inntil 50% |
| Tilskotssats for elektronisk overvakingsutstyr                                                                                                                                                                                        | Inntil 70% |

## 6. Søknadsfrist og korleis søke

Søknadsfristen er 1.april.

Gå inn på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) --> Jordbruk --> Ordningar for jordbruk --> Tilskudd til tiltak i beiteområder. Logg inn via Altinn med beitelaget sitt organisasjonsnummer.

Utlysning med søknadsfrist vert sendt ut via informasjonsskriv og lagt ut på heimesida til kommunane. I tillegg vert det sendt ut e-post til leiarane i beitelaga.

Vedlegg til søknaden:

- Kart som visar kor tiltaket skal gå føre seg
- Eventuelle pristilbod
- Eventuelt avtale med grunneigar

## 7. Vilkår

Tilskot etter denne forskrifta kan gjevast til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag) som er registrert i Einheitsregisteret, som driver næringsmessig beitedrift og som sett i verk investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekter i beiteområder.

Tilsvarande gjeld for føretak som har rett til produksjonstilskot etter § 2 i forskrift 19.desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket der det grunna naturgjevne eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid, og dersom det eit år er få søkjarar i høve til midlar.

Det kan ikkje gjevast tilskot til investeringstiltak og/ eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområder som er leigd på ei periode mindre enn 10 år.

Tilskotet kan avslåast dersom arbeidet med investeringstiltaket er påbegynt før søknaden er handsama.

Det kan ikkje gis nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjeld ikkje for tilskot til elektronisk overvakingsutstyr.